

# STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET



Kopi til ordfører, rådmann og revisjon

Medlemene av kontrollutvalet

## INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

**Måndag 14. juni 2021 kl. 16.00, f-salen rådhuset**

### SAKLISTE:

- Sak 10/21 Godkjenning av møteboka frå møte i Stranda kontrollutval 22.03.2021
- Sak 11/21 Meldingar til kontrollutvalet
- Sak 12/21 Rapport etter revisjon 2020 ved oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram
- Sak 13/21 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020 Stranda kommune
- Sak 14/21 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020 Stranda Hamn KF

### Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no).

Helge Kvame  
leiar  
(sign.)



## **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 22. MARS 2021**

---

### **KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato 22.03.2021 kl. 16.00  
Møtestad: fjernmøte i Teams

Møtet vart leia av: Helge Kvame  
Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Lars Birger Stige (vara).

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og leiar Servicekontoret Evelyn Omenås. Ordførar Jan Ove Tryggestad var til stade på heile møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 08/21

**Møtedato:** 22. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 2. MARS 2021**

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 15. mars 2021

Eva Rinde Haborstad hadde følgjande merknad til møteboka under sak 05/21. Her skal ordlyden på vedtaket være:

*Kontrollutvalet set i gang arbeid med ein forvaltingsrevisjon innanfor temaet vass- og avløpssystemet i Stranda kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.*

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteboka med merknad frå Eva Rinde Haborstad.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 09/21

**Møtedato:** 22. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Solveig Kvamme/Bjørn Tømmerdal

---

## **VURDERING AV BUDSJETTENDRING INVESTERINGSBUDSJETT 2021**

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 15. mars 2021

### **Det låg føre følgjande tilråding frå sekretariatet:**

1. Stranda kontrollutval minner Stranda kommunestyre om at det er dei sjølv som må avgjere om dei vil velje å sende ei sak attende til administrasjonen dersom dei meiner at den ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.
2. I arbeidet med økonomireglement vil Stranda kontrollutval oppmode kommunestyret om å vere tydeleg på kva saksgang dei vil ha i budsjettreguleringssaker.

### **Medlem Per Ingebrigt Karbø fremma eit nytt punkt 3 i tilrådinga frå sekretariatet:**

Stranda kontrollutval minner kommunestyret om at dei må stille som krav at utgreiing av ei sak alltid skal vise til overordna planar som er viktige for opplysninga av saka.

### **Leiar Helge Kvame opna for punktvis votering av forslaga.**

Punkt 1 og 2 blei samrøystes vedtatt av Stranda kontrollutval. Punkt 3 falt mot 3 stemmer.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

1. Stranda kontrollutval minner Stranda kommunestyre om at det er dei sjølv som må avgjere om dei vil velje å sende ei sak attende til administrasjonen dersom dei meiner at den ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.
2. I arbeidet med økonomireglement vil Stranda kontrollutval oppmode kommunestyret om å vere tydeleg på kva saksgang dei vil ha i budsjettreguleringssaker.

### **Eventuelt:**

Sekretariatet opplyste at konferansen i regi av FKT (Forum for kontroll og tilsyn) som var planlagt i Ålesund 1. og 2. juni 2021 var avlyst på grunn av korona-stoda. Det blir laga ein digital konferanse og sekretariatet vil kome med meir opplysningar om dette på neste møte. Både ordførar og rådmann vart gjort kjent med ønsket om deltaking frå Stranda kontrollutval.

Møtet var slutt kl. 16.35

Helge Kvame  
leiar  
(sign.)

Per Ingebrigt Karbø  
nestleiar  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Anne Melgaard Tårn  
medlem  
(sign.)

Lars Birger Stige  
varamedlem  
(sign.)

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 11/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

---

Melding nr. 1 Manglande tillit!

Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp

Melding nr. 2 Dårlig arbeidsmiljø!

Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp

Melding nr. 3 Er det slik vi vil ha det?  
Stranda MDG og Stranda SP

Fråsegn frå Stranda AP, Stranda H, Stranda Krf,

Emne: Brev til kommunestyret i Stranda, Ordfører og kontrollutvalg

Til Kommunestyret i Stranda,

Ordfører Jan Ove Tryggestad,

Kontrollutvalget i Stranda kommune.

Manglande tillit !

Viser til brev frå Steinar Aanning ang kritikkverdige forhold i administrasjonen i kommunen, der både han og heile FrP gruppa føler seg direkte «tråkka på» av rådmannen på ein måte vi overhode ikkje kan akseptere.

Brevet frå Aanning vart etterlyst i sist formannskapsmøte, og ordføreren såg alvorleg på saka og skulle gripe fatt i dette straks i ekstra formannskapsmøte som skulle gjennomførast snarast.

Ingen verdens ting har skjedd, bortsett frå at rådmannen forsøker å opptre som formannskap i denne saka, som omhandler rådmannen sjølv.

Underteikna sendte også eit brev til ordfører ang denne saka på vegne av heile FrP kommunestyregruppa for over ei veke sidan, utan noko som helst reaksjon på dette heller.

Heilt sidan 2018 og kvart år, 2019 og 2020 ligger fleire saker frå kommunestyret som ikkje er gjennomført av rådmannen.

Sågar bekrefter rådmannen i siste formannskapsmøte, at sak ang mat til våre institusjonar ikkje var levert.

Dette er ei sak som er etterspurt mange gongar i kommunestyret dei to siste åra, og er berre toppen av fjellet med uløyste saker som kommunestyret har vedteke.

Dette er brot på Norsk lov av rådmannen, som også dokumenterar sjølv at slik er fakta.

I alle andre områder i samfunnet er brot på Norsk lov straffbart.

Blir ein teken i å køyre litt for fort i trafikken, eller prate i tlf i bil, får ein «prikkar» og med nok overtredelser mister ein retten til å køyre bil.

«Kor mange lovbrott og prikkar skal rådmannen i Stranda kommune få, før ein mister retten til å kunne vere rådmann i Stranda?»

Når rådmannen også for open mikrofon i kommunestyret kallar

kommunestyrerepresentant frå FrP for « utidig » i sak ang delegering, er dette normalt grunn til å rydde sitt kontor.

Når underteikna påpeika delegasjonsreglementet som vi hadde sett oss godt inn i, -blir det greinalause i saka godt bevist no, ca 3 veker etter at dette delegasjonsreglementet vart vedteke.

Her delegerte kommunestyret til dømes alt mynde for drifta av kommunen sitt sjøareal til Stranda Hamnevesen KF, for så ei veke etter går rådmannen langt utover sine fullmakter ved å engasjere seg i ferjekaiutbygging og kaispørsmål på Hellesylt og går inn i ei sak rådmannen ikkje har mynde i.

Når no rådmannen sjølv oppdagar fadessa, er rådmannen sitt forsøk på å rydde opp i nok eit brot på Norsk lov, å fremme sak 023/21 i kommunestyret der ein i realiteten legg ned Hamnevesenet i alle saker på Hellesylt, slik at rådmann og ordførar kan fortsette å opptre som hamnestyre.

« med andre ord, lovbrot frå rådmannen blir forsøkt reparert ved å leggje ned Stranda Hamnevesen KF gjeldande alt på Hellesylt,

-eit havnestyre som kun forhold seg til vedtekne planar og retningslinjer for Stranda kommune sitt sjøområde, vedteke av kommunestyret sjølv.»

Har aldri opplevd maken til rot, surr, lovbrot, og saksbehandlingsfeil!

Kvar står det i kommunen eller Hamnevesenet sitt budsjett eller økonomiplan som er bindende for kommunen og rådmannen ,  
- eit einaste ord om at Stranda kommune har drift av ferjestrekning eller bygging av ferjekaier til fylkeskommunen eller private som ansvarsfelt?

Kvar står det eit ord om dette i virksomhetsplanen som kommunestyret har vedteke ang kommunen sine sjøareal til Hamnevesenet ?

Når har kommunestyret bedt verken rådmann eller ordførar engasjere seg i bygging av ny ferjekai på Hellesylt, noko som er Møre og Romsdal fylke sitt eige ansvar, og som medfører svært stor risiko og mulige kostnadar i 100-200 mill Kr klassen.

Kvar er kontrollutvalget?

Stranda FrP var klokkeklare på at når SP og fleirtalet «sensurerte» kontrollutvalget med «godkjente» medlemmar, vart dette tannlaust og ville aldri fungere som eit operativt, uavhengig og godt kontrollutvalg.

Kor mange lovbrot, mangel på gjennomføring av politiske vedtak, saksbehandlingsfeil skal kontrollutvalget godta frå rådmannen, før nokon reagerer ?

Kontrollutvalget er jamf kommunelova kommunestyret sitt kontrollorgan som skal påsjå at rådmannen gjennomfører sine plikter og at kommunen blir drevet etter gjeldande lovverk.

Når har kontrollutvalget tenkt å begynne å virke?

Med bakgrunn i ovenfornevnte og meir til, kan ikkje Stranda FrP sin kommunestyregruppe akseptere rådmannen sine framferd overfor våre folkevalgte medlemmar, mangel på gjennomføring av politiske saker og brot på kommunelova ved fleire tilhøver.

Vi vil derfor ytre misstillit til rådmannen.

Dersom ordførar ikkje tar dette opp i kompetent organ på ein grundig og seriøs måte, vil vår kommunestyregruppe vurdere å gå vidare med saka til fylkesmann og lovhandhevarane.

Mvh  
Frank Sve  
Gruppeleiar

Torill Ansnes

Steinar Aanning

Roger Horremsbakk

Ole Jørgen Sve

Martin Bostrøm- 1 Vara

**Lesarinnlegg,**

**brev til kommunestyret, rådmann, ordførar og kontrollutvalg: Dårleg arbeidsmiljø ?**

- Dårleg arbeidsmiljø ?

I kommunestyret den 24/6-2020 tok underteikna opp bekymringsmelding om dårleg arbeidsmiljø i administrasjonen i Stranda kommune.

Det vart bedt om drøfting og orientering ang denne svært viktige saka i kommunestyret,

-men dette har tydeligvis berre blitt forsøkt kosta under teppet, og drøftinga og saka har som vanlig glimra med sitt fråvær.

Dei siste åra har administrasjonen hatt stor utskifting både i leiinga og ellers.

Fleire kommunalsjefer har slutta, likeså einingsleiarar og tilsette blir det hevda.

Tilbakemeldingane vi som folkevalgte får er urovekkjande, og dessverre så ser det ut til at dette ikkje blir teke på alvor verken av rådmann eller ordførar.

« sjølv ei varsling i kommunestyret blir ikkje teke på alvor»

FrP si kommunestyregruppe har kravd saka drøfta i kommunestyret utan administrasjon, men som vi oppfattar direkte blir motarbeidd av ordførar.

Leiaren i Utdanningsforbundet hadde ei kraftig utblåsing i Nyss for litt sidan, dette vart som vanlig berre møtte med motangrep der alt blir farga « rosenraudt».

Slikt er alvorleg, og ein kan meine det eine eller det andre, men å ikkje ta slike «varslinger» og slikt på alvor av kommunestyret er direkte brot på rolla kommunestyret har som øverste arbeidsgjevar.

Når har ordførar tenkt å setje dette temaet på dagsorden i kommunestyret ?

Rykta svirrar rundt i bygda ang ulike saker, og dette kan ikkje berre vere tilfeldig.

Rådmannen har etter ny kommunelov det fulle og heile ansvar for personalet og personalbehandlinga av tilsette i Stranda kommune.

Kommunestyret kjenner KUN rådmannen, og stiller rådmannen til ansvar for det som ligg til rådmannen sitt ansvarsområde.

No er det på høg tid at arbeidsmiljøet og fleire saker ikring dette, ikkje berre blir oppfatta av kommunestyret etter «rykter», men reelt blir orientert om og drøfta i kommunestyret der dette høyrer heime.

Mvh  
Frank Sve  
Gruppeleiar  
Stranda FrP

## Er det slik vi vil ha det?

### Fråsegn frå Stranda Ap, Stranda H, Stranda Krf, Stranda MDG og Stranda Sp

Vi viser til brev frå Frank Sve i Stranda Frp, dagsett 29.04, 30.04 og 04.05, til Stranda kommunestyre, Stranda kontrollutval, ordførar og rådmann i Stranda kommune. Kopi av breva er også sende til Nyss og andre aviser. Brev rettast sterk kritikk mot administrasjon og ordførar i Stranda kommune med skuldingar om at desse ikkje utfører pliktene sine på ein skikkeleg måte.

Underskrivne parti kjenner seg ikkje igjen i påstandane frå Frank Sve og Frp. Feil kan sjølvstund bli gjorde, ingen er feilfrie, men kritikken er heilt urimeleg og forfeila. Vi meiner at bygdelaga blir tildelte løyvingar ved politiske vedtak, og at administrasjon og ordførar til ei kvar tid prøver å styre kommunen etter beste evne. Den økonomiske situasjonen i kommunen avgrensar kva som kan setjast i gang, men ulike prosjekt blir løyste og iverksette etter det som økonomiplanen tilseier og tillet.

Partia som skriv under denne fråsegna, er sterkt ottefulle over klimaet i formannskapet og kommunestyret. Fleire representantar torer ikkje å ta ordet i ulike saker grunna hersketeknikken til somme representantar frå Frp. Seier ein seg usamd med desse, risikerer ein ufine svar, og desse skal alltid ha siste ordet. Slik kan vi ikkje ha det, og her må bli ei endring. Vi er sterkt redde for at dette miljøet vil medføre at ingen vil stille på liste ved neste kommuneval, og det blir vanskeleg å rekruttere personar til administrasjonen i kommunen.

Stranda kommune er ein stor og viktig arbeidsplass, med arbeidsgjevaransvar for meir enn 400 menneske. Skal vi kunne utvikle denne store organisasjonen, er det krav om godt leiarskap. Det politiske ansvaret er tydeleggjort gjennom kommunelova. Det er difor med undring vi registrerer, at ein av dei fremste folkevalde i kommunen, kjem med stadige lesarinnlegg der han framfører svært sterk kritikk både mot politisk og administrativ leiing.

Ytringsfridom er eit grunnleggjande hovudprinsipp i norske lover, og det er ikkje slike ytringar vi vil kritisere. Men mangel på form og sakleg innhald held ikkje mål. Kommunestyret i Stranda har også ansvaret for arbeidsmiljøet i Stranda

kommune, og dette er sterkt lidande gjennom angrepa framsett mot rådmann, administrasjon og ordførar.

Representantane i politiske utval brukar av fritida si fordi dei er glade i kommunen og ynskjer å få til ei god utvikling. Eit godt miljø, med samarbeidsvilje og -evne, må vere sentralt for å få til dette. Stadig og ufin kritikk av administrasjon, ordførar og kommunestyrerepresentantar tek vi avstand frå. Denne kritikken stel diverre mykje av arbeidstida og energien frå dei tilsette. Viss alle dreg lasset i lag, klarer vi å utvikle kommunen på beste måte.

Stranda 05.05.21.

Stranda Høgre	Stranda Ap	Stranda Sp	Stranda Krf	Stranda MDG
Svein Erik Rimstad	Knut Dag Langeland	Geir Frøysa	Svein Lunde	Jan Håkon Vikane
		Jostein Dalen		

Gruppeleiarar for desse partia



---

## **RAPPORT ETTER REVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM**

---

**Vedlegg:** Rapport etter revisjon 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet skal halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- a) årsrekneskapane til kommunen blir reviderte på ein tryggande måte.
- b) rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksane frå kontrollutvalet og avtaler med revisor.
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisoren sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgd opp.

Viss påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportera det til kommunestyret. Kontrollutvalet skal, jf. kommunelova § 14-3, 3.ledd uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak. Dette kjem i eige sak. Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjonsarbeidet 2020.

### **Vurdering:**

Revisjonen har no avslutta revisjonen sin av årsrekneskapen til Fjord kommune for regnskapsåret 2020. Revisjonen har gjeven revisjonsberetning datert 02.06.2021 utan atterhald.

Revisjonen har gjennom revisjonsarbeidet sitt likevel observert betringsforhold, men som ikkje gir grunn til å ta atterhald i revisjonsberetninga. Revisjonen vil i møtet 8. juni 2021 orientera om utført revisjonsarbeid og summera opp betringspunkt og merknader.

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.

# RAPPORT ETTER ÅRSOPPGJØRET 2020

STRANDA KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 14.06.2021

# Innledning

- ▶ Revisjonen av kommunekassen og konsolidert regnskap for Stranda kommune 2020 ble avsluttet den 2. juni 2021, og revisjonsberetningen ble utstedt samme dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2020 er en «normalberetning», som innebærer at revisjonen ikke har avdekket og påvist vesentlige feil og mangler i kommunens endelige rapportering.
- ▶ Ny beretning 2. juni erstatter revisjonsberetning avgitt 27. mai, da det ble avgitt nytt årsregnskap og årsmelding per 2. juni 2021.
- ▶ Revisjonsberetningen 27. mai 2021 erstatter tidligere avgitt revisjonsberetning av 15. april 2021. Endelig årsregnskap og årsberetning var ikke ferdig på dette tidspunktet, og dette bemerkes under «andre forhold» i revisjonsberetningen (normal/ordinær fremgangsmåte fra revisor).
- ▶ Selv om vi i 2020 avgir en normalberetning, er det enkelte forhold vi anser som forbedringsområder for kommunen.

# Økonomisk oversikt per 31.12

- ▶ Kort om den økonomiske situasjonen for kommunen per 31.12.

Tall 31.12.2020	Stranda kommune	Stranda Hamnevesen KF	Konsolidert
Driftsinntekter	445 321 057	1 507 056	445 675 373
Netto driftsresultat	-665 711	-7 375 368	-8 041 079
Disposisjonsfond	8 291 162	30 226 973	38 518 135
	3,86 %	2005,70 %	8,64 %

# Om årsoppgjøret

- ▶ Bakteppe for årsoppgjøret 2020: Koronapandemien, ny kommunelov, nye oppstillingsplaner, førstegangskonsolidering og utskiftning av nøkkelpersoner i økonomifunksjonen.
- ▶ Flere av manglene som avdekkes gjennom revisjon av 2020 gjelder forhold som har sammenheng med krav etter ny kommunelov og førstegangskonsolidering.
- ▶ Revisjonen opplever godt samarbeid og konstruktiv dialog med administrasjonen i Stranda kommune.
- ▶ Stranda kommune har gjort en formidabel innsats for å komme i mål med regnskapet for 2020.

# Oppsummerte forhold etter årsoppgjøret

- ▶ Observasjoner og funn:
  - ▶ Årsregnskap og årsmelding må kvalitetssikres før det oversendes revisjon
  - ▶ IB balanse anleggsmidler var feil, men er korrigert i 2020.
  - ▶ Vesentlige budsjettavvik og vesentlig avvik i premisser for bevilgningene er hensyntatt i kommunens årsmelding. Lite premisser i opprinnelig budsjett, går mest på om vesentlige investeringsprosjekter er ferdigstilt.
    - ▶ Kommunen har noe lav vesentlighetsgrense for forklaring av budsjettavvik, denne kan nok økes til neste år

# Oppsummerte forhold etter årsoppgjøret – Stranda Hamnevesen KF

- ▶ Årsberetning avgitt innen fristen, men først levert revisjon etter frist
- ▶ Årsregnskap 2020 avgitt innen fristen, men med mangler
- ▶ Noe tynn årsberetning
  - ▶ Ikke nevnt noe om vesentlige budsjettavvik (tatt med i den konsoliderte årsmeldingen for Stranda kommune). Neste år må dette inn i meldinga til hamnevesenet
  - ▶ Andre forhold som er tatt med i den konsoliderte årsmeldingen, men som neste år også må inn i hamnevesenet si årsmelding
    - ▶ handleevne over tid
    - ▶ tiltak for å sikre en høy etisk standard

# Forenklet etterlevelseskontroll av budsjettavvik

7

Uttalelse om budsjettavvik er en egen del i revisjonsberetningen.

Vi avgir en normal uttalelse (moderat sikkerhet) om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik:

*«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.»*

Uten betydning for konklusjonen:

- ▶ Etter budsjettendringssaker anbefaler vi at det lages en oversikt som viser endringer i bevilgningsoversikter for drift og investering med spesifikasjoner, slik at administrasjonen lettere får oversikt over budsjettendring per regnskapslinje.

# Avslutning

Vi ønsker å takke administrasjonen ved Stranda kommune for samarbeidet, og håper at temaer som omtales i revisjonsrapporten oppfattes som konstruktive innspill i forhold til kommunens løpende arbeid med forbedring av interne kontrollrutiner, regnskapsførsel og dokumentasjon av regnskapsinformasjon.

Vi ønsker også å takke kontrollutvalget/sekretariatet for god og konstruktiv dialog.



---

## UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA KOMMUNE

---

### Vedlegg:

1. Revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 2. juni 2021
2. Årsrekneskap 2020 Stranda kommune (eige pdf vedlegg)
3. Årsmelding 2020 Stranda kommune (eige pdf vedlegg)
4. Konsolidert årsrekneskap 2020 Stranda kommune (eige pdf vedlegg)

### Bakgrunn

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Ny kommunelov har ein presisering om at kontrollutvalet sin uttale også skal handla om årsmeldinga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsmeldinga berre til vitande.

## Vurdering

Kontrollutvalet skal 14. juni 2021 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Stranda kommune som er lagt fram av rådmann 8. april 2021 og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 2. juni 2021.

Kommunen har i 2020 eit netto negativt driftsresultat på 665 711 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

### Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgeleg foreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

### Årsmeldinga

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

## **Finansielle måltal (nytt frå 2020)**

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsmelding. Dette finn oss på side 11 og side 12 i årsmeldinga.

## **Budsjettavvik (nytt frå 2020)**

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga på side 15 og i revisjonen sin melding på side 2. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette.

Kommunerevisjonen skriv i sin oppsummering etter årsoppgjeret:

*Etter budsjettendringssaker anbefaler vi at det lages en oversikt som viser endringer i bevilgningsoversikter for drift og investering med spesifikasjoner, slik at administrasjonen lettere får oversikt over budsjettendring per regnskapslinje.*

## **Konklusjon**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2020 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året. Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet merkar seg at årsrekneskap og årsmelding 2020 ikkje var levert innan gjeldande fristar og at revisor difor gav ei førebels revisjonsmelding datert 15.april 2021. Denne vart trekt tilbake og erstatta med den endelege revisjonsmeldinga datert 2. juni 2021.

Konsekvensane av dette blei knappe tidsmarginar og at det difor vart svært krevjande å ivareta forsvarleg saksutgreiing jf kommunelova § 23-7 andre ledd, knytt til den uttalen kontrollutvalet skal gje.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

## Tilråding til vedtak

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Stranda kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsmeldingane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

### **Melding frå uavhengig revisor**

### **Uttale om revisjonen av årsrekneskapen**

#### **Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser eit netto negativt driftsresultat på kr 665 711 i kommunekassa, og eit netto negativt driftsresultat i det konsoliderte årsrekneskapen på kr 8 041 079.

Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er

- kommunekassa sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- den konsoliderte årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune som økonomisk eining per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd

### Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stranda kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

#### *Konklusjon*

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Det henvises til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

#### Andre forhold

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare revisjonsmelding datert 27. mai 2021. Ny beretning utstedes ettersom rådmannen 2. juni 2021 har avlagt eitt korrigert årsrekneskap, konsolidert rekneskap og årsmelding for 2020.

Ålesund, 2. juni 2021

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



---

Kathrin Haram  
oppdragsansvarlig revisor



---

## UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA HAMN KF

---

### Vedlegg:

1. Revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 28.mai 2021
2. Årsrekneskap 2020 Stranda Hamn KF (eige pdf vedlegg)
3. Årsmelding 2020 Stranda Hamn KF (eige pdf vedlegg)

### Bakgrunn

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande avgjersler og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og egne føresegner.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova § 14-3. Kommunen skal og utarbeide rekneskap for kvart kommunale føretak. Jf. kommunelova § 14-6.

Ny kommunelov har ei presisering om at kontrollutvalet sin uttale og skal handla om årsmeldinga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsmeldinga berre til vitande.

## Vurdering

Kontrollutvalet skal 14. juni 2021 behandle årsrekneskap og årsmelding for 2020 for Stranda Hamn KF, som er lagt fram av føretaket datert 8. april 2021/ korrigert 7. juni 2021, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 28. mai 2021.

Stranda Hamn KF har i 2020 eit netto driftsresultat på minus kr 7 735 368. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknader til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

### Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, føretaket si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

### Føretaket si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtale forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- kva føretaket gjer for å oppfylla aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i si revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Kommunerevisjonen skriv likevel i sin oppsummering etter årsoppgjeret:

*Noe tynn årsberetning: Ikke nevnt noe om vesentlige budsjettavvik (tatt med i den konsoliderte årsmeldingen for Stranda kommune). Neste år må dette inn i meldinga til hamnevesenet.*

*Andre forhold som er tatt med i den konsoliderte årsmeldingen, men som neste år også må inn i hamnevesenet si årsmelding er handleevne over tid og tiltak for å sikre en høy etisk standard.*

## **Konklusjon**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga samt ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2020 blir godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet merkar seg at årsrekneskap og årsmelding 2020 ikkje var levert innan gjeldande fristar og at revisor difor gav ei førebels revisjonsmelding datert 15.april 2021.

Denne vart trekt tilbake og erstatta med den endelege revisjonsmeldinga datert 28. mai 2021.

Årsmelding 2020 var handsama og godkjent av styret i Stranda hamnevesen den 8 april 2021.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf kommunelova § 14-3

## **Tilråding til vedtak**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttaler kontrollutvalet følgjande:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Stranda Hamn KF.

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen  
Styret

## Uavhengig revisors beretning

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser et netto negativt driftsresultat på kr 7 375 368.

Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den særrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2020 , og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Anna informasjon*

Anna informasjon består av informasjon i føretaket sin årsrapport, men inkluderer ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga. Leiinga er ansvarleg for anna informasjon.

Vår uttale om revisjonen av særrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av særrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og særrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

## **Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særreknescapen**

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særreknescapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein særreknescap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av særreknescapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at særreknescapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på særreknescapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## **Uttale om andre lovmessige krav**

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

## **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særreknescapen er konsistente med særreknescapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

## **Uttale om redegjørelse for vesentlege budsjettavvik**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Det henvises til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon SA

**Andre forhold**

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare revisjonsmelding datert 15. april 2021, som blei gitt ved utløpet av kommunelova sin frist for å avlegge revisjonsmelding. Foretaket sitt endelige årsrekskap var på dette tidspunkt ikkje utarbeidd.

Ålesund, 28. mai 2021

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor